



Vestfold og Telemark  
FYLKESKOMMUNE

# Retningslinjer for skuleskyss



**Grunnskule**

# Retningslinjer for skuleskyss for grunnskulen

## **Versjon:**

1.0

Godkjent av direktør for samferdsel, miljø og mobilitet 19.05.2021.

## **Revisjon:**

# Innhold

<b>1. Forvaltningsrutinar .....</b>	<b>4</b>
1.1. Behandling av personopplysningar (GDPR).....	4
1.2. Kjeldetilvising.....	4
1.3. Søknad .....	5
1.4. Søknadsfrist .....	5
1.5. Saksbehandling.....	6
1.6. Saksbehandlingstid .....	6
1.7. Klagetilgang .....	6
1.8. Barnet sitt beste og retten til å bli høyrd .....	7
<b>2. Organisering av skuleskyssen .....</b>	<b>7</b>
<b>3. Ansvarsforhold fylkeskommune/kommune.....</b>	<b>8</b>
3.1. Fylkeskommunen sitt ansvar .....	9
3.2. Kommunen sitt ansvar.....	9
<b>4. Skyssrett.....</b>	<b>10</b>
4.1. Skuleskyss mellom heim og skule.....	10
4.2. Skyssgrenser .....	11
4.3. Avstandsmåling dør til dør .....	11
4.4. Tidspunkt for skyss .....	11
4.5. Akseptabel reise- og ventetid.....	12
4.6. Skyss for elevar ved friskular .....	12
4.7. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.....	13
4.8. Vaksne elevar med rett til grunnskuleopplæring .....	13
4.9. Vaksne elevar utan rett til skyss.....	14
4.10. Skulen si skulefritidsordning (SFO) .....	14
4.11. Barn under opplæringspliktig alder/førskulebarn.....	14
4.12. Barn med framskunda eller utsett skulestart.....	15
4.13. Målformgrupper .....	15
4.14. Leksehjelp i grunnskulen .....	15
4.15. Skyss til/frå behandling .....	15
<b>5. Ulike typar skuleskyss .....</b>	<b>16</b>
5.1. Skyss med kollektivtilbodet .....	16
5.2. Skyss med båt/ferje .....	16
5.3. Skulekort.....	16
5.4. Gangavstand til/frå kollektivtilbod – skyss til/frå haldeplass.....	17
5.5. Manglande kollektivtilbod.....	17
5.6. Skyssgodtgjersle .....	18

5.7. Tilrettelagd skuleskyss.....	18
<b>6. Eleven sin bustad .....</b>	<b>19</b>
6.1. Folkeregistrert adresse.....	19
6.2. Innlosjering.....	19
6.3. Skuleskyss ved delt bustad.....	19
6.4. Avlastingsbustad.....	20
6.5. Fosterheim.....	20
6.6. Mellombels bustad.....	20
6.7. Elevar busett i institusjon.....	21
6.8. Elevar som bur fleire stader i samband med næringsdrift.....	21
6.9. Elevar som bur i asylmottak.....	22
6.10. Busette flyktningar.....	22
<b>7. Eleven sin skule.....</b>	<b>22</b>
7.1. Nærskule.....	22
7.2. Skulegang ved annan skule enn nærskulen.....	23
7.3. Alternativ opplæringsarena.....	23
7.4. Rehabilitering av skulebygg.....	24
<b>8. Elevar med funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom .....</b>	<b>24</b>
8.1. Skyss for elevar med funksjonshemming.....	24
8.2. Skyss for elevar med mellombels skade eller sjukdom.....	25
8.3. Krav om helseerklæring/legeattest.....	25
8.4. Busstrening for funksjonshemma elevar.....	26
8.5. Elevar i avlastingsbustad.....	26
8.6. Skyss før skuledagen er over.....	27
<b>9. Reisefølge/følgeperson og tilsyn .....</b>	<b>27</b>
<b>10. Andre tema.....</b>	<b>28</b>
10.1. Utstyr.....	28
10.2. Skadar forårsaka av elev.....	28
10.3. Inndraging av rett til skyss.....	29
10.4. Streik.....	29
10.5. Ikkje venta hendingar.....	29
10.6. Trygt og godt skulemiljø.....	29

# 1. Forvaltningsrutinar

Fylkeskommunen har overordna ansvar for lokalt kollektivtilbod og skuleskyss.

I desse retningslinjene blir hovudtrekka i aktuelt lovverk rundt skuleskyss omtala.

Retningslinjene kan gje aktuell informasjon om skuleskyss til kommunar, skular, elevar, føresette og andre interesserte.

Det blir også vist til vår nettside [www.vtfk.no/skoleskyss](http://www.vtfk.no/skoleskyss)

Fylkeskommunen si saksbehandling blir utøvd i tråd med dei lovar, reglar og retningslinjer som til ei kvar tid gjeld for skuleskyss.

## 1.1. Behandling av personopplysningar (GDPR)

Kjelde: Personopplysningsloven artikkel 6 nr. 1, bokstav c).

Når det blir søkt om skuleskyss, blir personopplysningar lagra. Grunnlaget for behandling av personopplysningar i samband med søknad om skuleskyss, er heimla i personopplysningsloven artikkel 6 nr. 1 bokstav c). Fylkeskommunen har i tillegg utgreiingsplikt heimla i forvaltningsloven kapittel 3-5, det vil seie plikt til å få den enkelte sak nok opplyst før vedtak blir fatta. Alle personlege opplysningar blir forsvarleg lagra og fortruleg behandla.

Når vi behandlar personopplysningar, gjeld ei rekke lovfesta rettar. Dette gjeld blant anna rett til å be om innsyn i personopplysningar og rett til korrigering av urette eller ufullstendige personopplysningar. Dersom søkar ønskjer å nytte seg av rettane sine, kan søkar kontakte fylkeskommunen på [post@vtfk.no](mailto:post@vtfk.no). Merk førespurnaden: «Personopplysningar».

Dersom søkar har innvendingar på måten fylkeskommunen behandlar personopplysningar på, kan søkar klage på behandlinga til Datatilsynet. Kontakt Datatilsynet på e-post: [postkasse@datatilsynet.no](mailto:postkasse@datatilsynet.no).

## 1.2. Kjeldetilvising

- Forvaltningsloven
- Opplæringsloven
- Friskuleloven
- Barneloven
- Barnevernloven

## Retningslinjer for skuleskyss for grunnskulen

- Barnehageloven
- Barnekonvensjonen
- Grunnloven
- Vegtrafikkloven
- Helse- og omsorgstenesteloven
- Skadeerstatningsloven
- Personopplysningsloven
- Lovforarbeid og meldingar frå Stortinget og regjeringa
- Rundskriv, brev og tolkingsuttaler frå Utdanningsdirektoratet og aktuelle departement
- Vedtekter for transport med rutegående busstrafikk i Noreg (befordringsvedtektene)
- Regelverk for skuleskyss i Vestfold og Telemark fylkeskommune

Kjeldene omfattar i tillegg til det som er lovbestemt også tilhøyrande forskrifter og kommentarar. Kjeldetilvisinga er ikkje uttømande.

Det kan ha kome lovendringar, tolkingar eller presiseringar, som ikkje er omtalt i denne versjonen av retningslinjene. Ved motstrid mellom gjeldande lovverk og desse retningslinjene, går lovverket alltid føre retningslinjene.

### 1.3. Søknad

Føresette til grunnskuleelevar som meiner å ha rett på skuleskyss, må kontakte administrasjonen ved skulen. Skulen registrerer søknad for eleven. Alle nødvendige vedlegg/dokumentasjon må ligge føre, før skulen kan legge inn søknad. Dokumenta skal bli lasta opp samstundes med søknaden. Søknader som ikkje er fullstendig utfylte eller opplyste, kan bli avslåtte.

Vedtak om skuleskyss gjeld for inntil eit skuleår. Det må søkast på nytt før kvart skuleår.

Innvilga søknad eit tidlegare skuleår kvalifiserer ikkje til skyssrett seinare skuleår. Dersom reglane eller grunnlaget for skyss blir endra, gjev ikkje tidlegare vedtak og praksis presedens (for eksempel kontrollmåling av avstand eller endring av busstilbod).

### 1.4. Søknadsfrist

Søknadsfrist for elevar i grunnskulen er 1. april kvart år.

Dersom det blir søkt etter denne fristen, kan fylkeskommunen ikkje garantere at skyssen er klar til skulestart i august.

## 1.5. Saksbehandling

Kjelde: Forvaltningsloven kapittel 3-5

For grunnskuleelevar har fylkeskommunen og kommunen ulike ansvarsområde. Fylkeskommunen/kommunen skal fatte vedtak for skyssen kvar av forvaltningsorgana er ansvarleg for. Eit organ kan ikkje fatte vedtak på vegne av eit anna. Vedtak fatta av feil forvaltningsorgan er ugyldig.

Vedtak om skuleskyss er eit enkeltvedtak i samsvar med avgjerdene i forvaltningsloven. Enkeltvedtak skal vere fatta før eventuell skyss blir sett i gang. Vedtaket er gyldig for den perioden som blir omtala i vedtaket.

Fylkeskommunen skal sjå til at saka er nok belyst før enkeltvedtak blir fatta (utgreiingsplikt). Søkar er sjølv ansvarleg for at søknaden og eventuell dokumentasjon/vedlegg inneheld alle nødvendige og relevante opplysningar.

Mangelfull dokumentasjon på skyssbehovet eleven har, kan føre til at søknaden blir avslått. Nødvendig dokumentasjon må leverast på nytt for kvart skuleår.

Fylkeskommunen sine saksbehandlarar for skuleskyss har teieplikt etter avgjerder i forvaltningsloven.

## 1.6. Saksbehandlingstid

Kjelde: Forvaltningsloven kapittel 3-5

Søkar må akseptere saksbehandlingstid før vedtak om skuleskyss er klart.

Fylkeskommunen nyttar saksbehandlingstida til å utgreie saka og fatte vedtak.

Elev/føresette må sjølv/sjølve organisere eventuell skuleskyss i saksbehandlingstida.

Førebels svar skal bli gjeve, dersom ein søknad/føresurnad ikkje kan svarast på i løpet av ein månad frå han er mottatt.

## 1.7. Klagegang

Kjelde: Forvaltningsloven kapittel 6

Vedtak om skuleskyss er enkeltvedtak.

Eit enkeltvedtak kan klagast på av ein part, eller andre med rettsleg klageinteresse i saka, innan tre veker frå tidspunktet vedtaket er gjort kjent for søkar.

Klaga rettast til det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. Elevar som har fått vedtak frå kommunen, må sende eventuell klage direkte til kommunen.

Klage på vedtak fatta av fylkeskommunen skal sendast til: Vestfold og Telemark fylkeskommune, postboks 2844, 3702 Skien. Konvolutten merkast med «skuleskyss».

Dersom forvaltningsorganet ikkje tar klaga til følge, skal saka bli sendt over til endeleg behandling hos Statsforvaltaren. Statsforvaltaren sitt vedtak er endeleg, og kan ikkje klagast på.

## 1.8. Barnet sitt beste og retten til å bli høyrd

Kjelde: Barnekonvensjonen, Grunnloven, forvaltningsloven, Udir-2-2019

Barnekonvensjonen art. 3 og art. 12, Grunnloven § 104 og forvaltningsloven § 17 krev at alle barn har rett til å bli høyrd i saker som gjeld dei, og at barnet sitt beste skal vere grunnleggande.

Omsynet til barnet sitt beste er ein rett, eit grunnleggande omsyn og ein regel i saksbehandling. Barnet sitt beste skal ha større vekt enn andre omsyn, men det vil ikkje nødvendigvis vere avgjerande.

I vurderinga av kva som er det beste for barnet, vil eleven si oppfatning vere sentral. Det er likevel ikkje alltid at eleven eller foreldra sine meiningar er til det beste for barnet.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei. Dette gjeld uavhengig av alder eller føresetnader. Det må alltid bli vurdert om eleven er høyrd godt nok i saka, eller om ein må høyre eleven sjølv. Utgangspunktet er at fylkeskommunen/kommunen skal høyre eleven direkte, men eleven kan også bli høyrd gjennom objektive personar, foreldre, gjennom brev m.m. Det kan også tenkast at eleven si stemme kjem tydeleg nok fram i annan dokumentasjon. Eleven har ikkje plikt til å uttale seg.

## 2. Organisering av skuleskyssen

Kjelde: Opplæringsloven kapittel 7, Udir-2-2019, vegtrafikkloven

Skuleskyssen blir utført i samsvar med vegtrafikkloven sine avgjerder med tilhøyrande forskrifter.

Skuleskyssen blir helst organisert med ordinær kollektivtransport som buss, ferje eller tog. I nokre tilfelle blir heile eller delar av skyssen utført med taxi, taxibåt eller av føresette.



Fylkeskommunen kan organisere skyssen med eit eller fleire transportmiddel, det vil seie at byte av transportmiddel kan skje fleire gonger undervegs. Fylkeskommunen kan avgjere at fleire elevar må nytte same skyssmiddel.

Kva som blir vurdert til å vere eit forsvarleg skysstilbod kjem an på eleven sin alder og modning. Skysstilbodet kan derfor endre seg i takt med elevens alder. Dette gjeld både med tanke på gangavstand, bussbyte og reise- og ventetid.

## 3. Ansvarsforhold fylkeskommune/kommune

Kjelde: Opplæringsloven §§ 2-5, 4A-1, 4A-2, 4A-7, 7-1, 7-3, 7-4, 8-1, 13-4, friskuleloven § 3-7, barnehageloven § 19f, Udir-3-2010, Udir-2-2019, tolkingsuttale frå Utdanningsdirektoratet 15.01.2021

Å vere ansvarleg inneber:

- Å ha ansvar for å fatte vedtak om skyss
- Å vere organisatorisk ansvarleg, dvs. å ha det praktiske ansvaret rundt organisering av skyssen
- Å vere økonomisk ansvarleg for skyssen

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere og tilrettelegge for økonomisk forsvarleg skuleskyss i samarbeid med kommunen. Kommunen har ei plikt til å samarbeide med fylkeskommunen om ein rasjonell og trygg skuleskyss.

Det blir lagt opp til felles skyssordning for grunnskule og vidaregåande skule. Det vil derfor vere av stor tyding at start- og sluttider, ferie, fridagar og planleggingsdagar blir samordna. Kommunen skal ta med organisering av skuleskyss i vurderingane sine når skulerute og ordinær start- og sluttid for skulen blir fastsett.

Skyssen organiserast i samsvar med felles, fastsett forskrift til skulerute. Forskrifta er utarbeida i eit fagutval gjennom KS Vestfold og Telemark der fylkeskommunen og kommunane deltek. Det ordinære rutetilbodet blir lagt opp etter forskrifta. Dersom skuleruta i ein kommune avvik frå forskrifta, må kommunen sjølv organisere og betale skyss for avvikande dagar.

Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skuleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gje pålegg. Statsforvaltaren i det enkelte fylke har fått delegert fullmakt frå departementet til å behandle saker om organisering og finansiering av skuleskyssen.

### 3.1. Fylkeskommunen sitt ansvar

- A. Elevar i 1. klasse som har meir enn 2 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg, og elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 4 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg.
- B. Elevar som på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, har eit dokumentert behov for skyss.
- C. Elevar under punkta 3.1 A og B som går i eiga målformgruppe ved annan skule enn nærskulen.
- D. Elevar som har plass i SFO, som på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, har eit dokumentert behov for skyss.
- E. Elevar som må nytte båtskyss mellom heim og skule/opplæringsstad.
- F. Vaksne elevar over opplæringspliktig alder som har meir enn 4 km mellom heim og skule/opplæringsstad, som ikkje har fått eller ikkje har fullført grunnskuleopplæring, og som har rett til full grunnskuleopplæring.
- G. Vaksne elevar over opplæringspliktig alder som på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, og som etter fagleg vurdering har rett til spesialundervisning på grunnskulens nivå.
- H. Elevar ved privatskular, som mottar tilskot frå staten, har rett til skyss etter same reglar som ved offentlege skular. Retten gjeld berre for den delen av skulevegen som ligg innanfor eleven sin bustadkommune.

Fylkeskommunen sitt ansvar:

- Skal fatte vedtak om **skyss** i punkta 3.1 A til H og punkt 3.2.B
- Har det praktiske og økonomiske ansvaret for skyssen i punkta 3.1 A til H.

### 3.2. Kommunen sitt ansvar

- A. Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, under 2 km for elevar i 1. klasse og under 4 km for elevar i 2. – 10. klasse.
- B. Elevar under punkta 3.2 A som går i eiga målformgruppe ved annan skule enn nærskulen.
- C. Elevar med skuleplass på annan skule enn nærskulen, eller med opplæring ved alternativ opplæringsarena utanfor skulens geografiske område.
- D. Skyss i samband med skulens aktivitet i og utanfor skuletida.
- E. Skyss som avvik frå forskrift til skulerute.

## Retningslinjer for skuleskyss for grunnskulen

- F. Skyss utanom skulens ordinære start- og sluttid for funksjonsfriske elevar.
- G. Innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg.
- H. Nødvendig tilsyn med grunnskuleelevar og vaksne elevar før og etter undervisningstida, og under transporten ved behov.
- I. Nødvendig reisefølge/følgeperson for dei grunnskuleelevar og vaksne elevar som ikkje kan reise aleine.
- J. Skyss for barn under opplæringspliktig alder/førskulebarn.
- K. Andre kommunale vedtak som medfører skyssbehov.

Kommunen sitt ansvar:

- Skal betale eigenandel/persontakst for skyss av elevar nemd i punkta 3.1 A til H. Persontakst vil seie den lågaste prisen på ordinær enkeltbillett. Dette blir fastsett lokalt.
- Skal fatte vedtak om **undervisningsstad**, og har det praktiske og økonomiske ansvaret for **meirkostnader** til skyss i punkt 3.2.C.
- Skal fatte vedtak om skyss, og har det praktiske og økonomiske ansvaret for skyssen i punkta 3.2 A, B, J og K.
- Har det praktiske og økonomiske ansvaret, inkludert eventuelt skyssbehov, i punkta 3.2 D til I.
- Har det praktiske og økonomiske ansvaret dersom kommunens vedtak fører til at det må bli sett inn ein større buss, eller det må bli etablert særskilt skyss for å oppfylle elevane sine rettar.

## 4. Skyssrett

Kjelde: Opplæringsloven kapittel 7, § 4A-7, Udir-2-2019

Skyssordninga omfattar grunnskuleelevar som heimlar rett til skyss etter avgjerder i opplæringsloven.

### 4.1. Skuleskyss mellom heim og skule

Skuleskyss er skyss mellom heim og skule.

## 4.2. Skyssgrenser

Kjelde: Opplæringsloven § 7-1

Elevar i 1. klasse som har meir enn 2 km mellom heim og skule ein veg har rett til skuleskyss. For elevar i 2.-10. klasse er skyssgrensa 4 km.

Når det er nødvendig, har elevar rett til skyss med båt utan omsyn til avstanden mellom heim og skule.

## 4.3. Avstandsmåling dør til dør

Kjelde: Udir-2-2019

Ved utrekning av avstand mellom heim og skule, er det den kortaste gangbare/farbare vegen som blir lagt til grunn. Farbar veg kan vere både offentleg og privat veg, gardsveg eller sti. Så lenge det er fysisk mogleg å ferdast til fots, med sykkel eller liknande, vil strekninga vere gjenstand for oppmåling. Det er ikkje kortaste bilveg eller den traseen bussen køyrer som blir lagt til grunn.

Avstanden skal målast dør til dør. Dersom det er fleire inngangsdører eleven kan bruke på skulen, skal det målast til døra lengst unna, uavhengig av om eleven faktisk brukar denne døra.

## 4.4. Tidspunkt for skyss

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-1, 13-4

Skyssrett gjeld på ordinære skuledagar i samsvar med felles, fastsett føreskrift til skulerute. Dersom skuleruta i ein kommune avvik frå denne, må kommunen sjølv betale alle kostnader knytt til skyss på avvikande dagar. I slike tilfelle må kommunen sjølv tinge skyss direkte hos aktuelle transportørar.

Fylkeskommunen har ansvar for ei reise til skulen og ei reise heim frå skulen per dag, knytt til skulens ordinære start- og sluttid. Skulen si ordinære start- og sluttid er det tidspunktet fleirtalet av elevane startar/sluttar. Fylkeskommunen dekker som hovudregel ikkje skyss utanom desse tidene.

Dersom kommunen vel å organisere skuledagen slik at elevar ved same skule startar og/eller sluttar til ulike tider, er kommunen økonomisk ansvarleg for ekstra kostnader til skyss. Dette kan for eksempel gjelde ved kortare siste skuledag før juleferie/sommarferie, skuleavslutning, kveldsarrangement, forskuving av skuletida, fleksibel skuletid eller at elevane jobbar med lekser på skulen.

Skyssen organiserast ved ordinær skuleslutt også på dagar med heildagsprøver, tentamen, eksamen.

Kommunen/skulen er ansvarleg for eventuell skyss i løpet av skuledagen (for eksempel ved ekskursjonar, klasseseturar, skuleturar og liknande).

## 4.5. Akseptabel reise- og ventetid

Kjelde: Opplæringsloven § 7-1, Udir-2-2019

Skuleskyssen skal vere organisert slik at elevane får akseptabel reisetid.

Ved vurdering av akseptabel reisetid må gangtid, ventetid og tid med transportmiddelet bli sett i samanheng. Reisetid skal med i vurderinga når bussrutene blir sett opp.

Om morgonen bereknar ein reisetida frå eleven reiser heimanfrå og fram til ordinær skulestart. Tilsvarande gjeld ved ordinær skuleslutt om ettermiddagen, fram til eleven kjem heim.

Det er fleire omsyn ein må ta når ein skal vurdere kva som er forsvarleg reisetid. Eit relevant omsyn er at eleven får tilstrekkeleg fritid og tilstrekkeleg tid heime. Dette talar for å avgrense reisetida. Eit anna omsyn er effektiv og rasjonell organisering av skyssen, som på den andre sida kan tilseie at alle elevar må godta ei viss reisetid. Kva som er akseptabel reisetid, må bli avgjort etter ei konkret vurdering. Ein skal vere særleg merksam på reise- og ventetid for 6-åringar.

Ved delt bustad, mellombels bustad og ved val av annan skule enn nærskulen, må auka ventetid/reisetid og eventuelt transportbyte akseptast.

## 4.6. Skyss for elevar ved friskular

Kjelde: Opplæringsloven § 2-12, friskuleloven § 3-7, Udir-2-2019

Elevar ved friskular som får statsstøtte, har rett til skyss etter dei same reglane som elevar ved offentlege skular.

Rett til skyss, reisefølge og tilsyn for elevar i friskular gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven er folkeregistrert. Dette vil gjelde uansett årsaka til skyss, også for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke elevar.

Auka ventetid/reisetid, og eventuelle transportbyte, må ein sjå på som ein konsekvens ved val av annan skule enn nærskulen.

## 4.7. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-1, 13-4, Udir-2-2019

For elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har kommunen og fylkeskommunen ansvar for kvar sine elevgrupper.

Dersom ein elev bur under skyssgrensa på 2 og 4 km, er det kommunen som er ansvarleg for at skyssen er forsvarleg heilt frå heimen til skulen. Ta kontakt med kommunen for å søke om skyss i slike tilfelle. Når ein elev bur over skyssgrensa på 2 eller 4 km, har fylkeskommunen ansvaret.

Enkelte grunnskuleelevar vil ha rett til skyss etter fleire avgjerder om skyss. For eksempel kan ein elev ha rett til skyss både på grunn av lengda på skulevegen og fordi skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg. I slike tilfelle går fylkeskommunen sitt ansvar føre kommunen sitt ansvar, og det er fylkeskommunen som må oppfylle eleven sin rett til skyss.

All ferdsel på/langs trafikkert veg inneber ein risiko. Barn som oppheld seg i trafikken vil alltid vere utsett for ein viss fare, og det kan ofte vere vanskeleg for barn å forhalde seg til trafikk. Lovverket krev at elevane blir utsett for ein fare som er utanom det vanlege for at skulevegen skal utløyse rett til skuleskyss. For å få rett til gratis skyss, må ein «særleg risiko» ligge føre. Den risikoen skuleelevar til vanleg blir utsett for når dei ferdast i trafikken, er derfor ikkje tilstrekkeleg. Tilstanden til skulevegen, klima, trafikkforhold på vegen og forhold knytt til den enkelte eleven er viktige når skulevegen skal vurderast.

## 4.8. Vaksne elevar med rett til grunnskuleopplæring

Kjelde: Opplæringsloven §§ 4A-1, 4A-2, 4A-7, Udir-3-2012, Udir-2-2019

Vaksne som bur meir enn 4 km frå skulen, har rett til skuleskyss når dei får grunnskuleopplæring etter § 4A-1 og § 4A-2 (spesialundervisning/individuell læreplan).

Vaksne funksjonshemma, sjuke eller skadde har rett til skuleskyss uavhengig av avstanden mellom heim og skule, når behovet for skyss er dokumentert med helseerklæring/legeattest.

Når det blir søkt om skyss, skal det kommunale vedtaket om vaksenopplæring leggast ved søknaden.

Fylkeskommunen treng dokumentasjon på:

- kva paragraf undervisninga er heimla i
- talet på undervisningstimar
- konkrete vekedagar og undervisningstid
- opplæringsstad

## 4.9. Vaksne elevar utan rett til skyss

Kjelde: Opplæringsloven §§ 2-1, 7-1

Vaksne asylsøkarar som ikkje har fått avgjort opphaldsstatus, har ikkje rett til grunnskuleopplæring eller skuleskyss.

Norskopplæring definerast ikkje som grunnskuleopplæring, og gjev ikkje rett til skuleskyss etter avgjersler i opplæringsloven.

## 4.10. Skulen si skulefritidsordning (SFO)

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-3, 13-7, Udir-2-2019

Kommunen skal ha eit tilbod om SFO på skulen før og etter skuletid for 1.-4.årstrinn, og for elevar med spesielle behov på 1.-7.årstrinn.

Funksjonsfriske elevar har ikkje rett til skyss på dei dagane SFO blir nytta.

Elevar kan ha rett til skyss dei dagane dei ikkje nyttar SFO. Det må søkast om skyss i forkant, og det skal fattast vedtak om skyss på vanleg måte i desse tilfella.

Elevar som har plass i SFO, og som på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå SFO. Retten omfattar ikkje skyss på skulens ferie- og fridagar eller på dagar når skulen er stengt av andre årsaker.

Rett til nødvendig reisefølge og til nødvendig tilsyn gjeld også for grunnskuleelevar som har rett til skyss til og frå SFO.

## 4.11. Barn under opplæringspliktig alder/førskulebarn

Kjelde: Barnehageloven §§ 19f, 19h, Udir-2-2019

Dersom det er nødvendig for å motta spesialpedagogisk hjelp eller få teiknspråkopplæring, vil barna ha rett til gratis skyss etter barnehageloven § 19f eller § 19h. Retten til skyss gjeld berre der det er nødvendig for at barnet skal kunne motta hjelp. Det vil kunne vere nødvendig dersom dei føresette har vesentleg større byrde knytt til skyss enn andre foreldre med barn i barnehage vil ha. Barnet vil vanlegvis ikkje ha rett til skyss dersom hjelpa blir gjeven i barnehagen som dei føresette sjølve har vald. Dette vil typisk vere ein barnehage i barnet sitt nærmiljø.

Barnet vil også ha rett til nødvendig reisefølge og tilsyn.

Det er kommunen som har praktisk og økonomisk ansvar for vedtak, skyss, reisefølge og tilsyn.

## 4.12. Barn med framskunda eller utsett skulestart

Kjelde: Opplæringsloven § 2-1

Barn som har fått vedtak om framskunda eller utsett skulestart, har rett til skyss etter vanlege skyssreglar.

Kopi av vedtaket frå kommunen må leggjast ved søknaden om skyss.

## 4.13. Målformgrupper

Kjelde: Opplæringsloven § 2-5

Elevar kan ha rett til opplæring i eiga målformgruppe ved annan skule enn nærskulen. I slike tilfelle har fylkeskommunen ansvaret for skyss. Unntaket er dersom elevane har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Då har kommunen ansvaret.

## 4.14. Leksehjelp i grunnskulen

Kjelde: Opplæringsloven § 13-7a, Udir-2-2019

Kommunen skal tilby leksehjelp til elevar i grunnskulen. Elevane har rett, men ikkje ei plikt til å delta.

Elevar har ikkje rett til skyss i samband med leksehjelp. Dette gjeld også elevar med funksjonshemming.

## 4.15. Skyss til/frå behandling

Skyss til/frå behandling er ikkje definert som skuleskyss.

Fylkeskommunen dekker ikkje skyss i samband med for eksempel behandling hos lege, psykolog, fysioterapeut, kiropraktor eller liknande. I slike tilfelle må elev/føresett ta kontakt med behandlar.



## 5. Ulike typar skuleskyss

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-1, 7-3, Udir-2-2019, befordringsvedtektene

Skuleskyss kan organiserast med offentleg transport, eige busstilbod, taxi, privat bil, båt eller tog. Det er den som er ansvarleg for skyssen som avgjer kva slag transportmiddel eleven skal nytte. Det avgjerande er kva som vil vere forsvarleg for den enkelte elev. Dette gjeld både kva slag transportmiddel som blir nytta og korleis den totale skyssen er sett saman.

### 5.1. Skyss med kollektivtilbodet

Skuleskyss skal som hovudregel føregå med det ordinære kollektivtilbodet (buss, ferje, tog). Det gjeld også for funksjonshemma elevar, og elevar med mellombels skade eller sjukdom.

### 5.2. Skyss med båt/ferje

Når eleven bur slik til at det er nødvendig å nytte båt/ferje for å kome til skulen, har eleven rett til slik skyss uavhengig av avstand mellom heim og skule.

Ved bruk av ferje blir eleven utstyrt med eit skulekort.

### 5.3. Skulekort

Skulen/kommunen tingar skulekort til elevar med rett til skuleskyss med kollektivtilbodet.

Eleven får kortet utdelt på skulen.

Skulekortet er personleg, og skal ikkje bli brukt av andre enn eleven. Kortet må takast med kvar dag og skal registrerast på kvar reise.

Skulekortet virkar på ordinære skuledagar i samsvar til forskrift til skulerute. Dersom skuleruta i ein kommune avvik frå føreskriftene til skulerute, må kommunen sjølv sørge for skyss. Kortet er gyldig for ei reise til skulen og ei reise heim frå skulen per skuledag.

Skulekortet er fylkeskommunen sin eigedom. Føresette må rekne med å betale erstatningsgebyr for skulekort som er mista eller øydelagd. Mista eller øydelagde skulekort skal straks meldast frå om til skulen, som bestiller nytt kort.

## 5.4. Gangavstand til/frå kollektivtilbod – skyss til og frå

Ein elev som er innvilga skyss har ikkje rett på skyss frå dør til dør. Det er forventa at eleven går ein rimeleg distanse fram til ein oppsamlingsplass/haldeplass.

Kva som er rimeleg distanse må avgjerast etter ei konkret vurdering, der det blant anna blir lagt vekt på eleven sin alder, trafikksikkerheit og kor framkomeleg det er på strekninga. Dette gjeld uavhengig av kva transportmiddel som er vald.

Skyssstilbodet skal dekke størstedelen av totaldistansen mellom heim og skule.

Fylkeskommunen legg til grunn at funksjonsfriske elevar i grunnskulen normalt kan gå følgande distansar mellom heim og kollektivtilbod:

- 1.trinn: 1 km.
- 2.-7.trinn: 2 km.
- 8.-10.trinn: 2,5 km.

Gangavstanden er ikkje absolutt og må vurderast som rettleiande i kvart enkelt tilfelle.

Elevar som bur langt frå kollektivtilbodet kan søke om skyss til/frå haldeplass («tilbringerskyss»). Dersom fylkeskommunen vurderer at eleven har uakseptabel gangavstand til haldeplass, får eleven innvilga skyss til og frå haldeplass. Dette er eit tiltak for å korte ned gangavstanden for eleven.

Dersom føresette sjølve utfører denne skyssen, kan det søkast om skyssgodtgjersle. Alternativt vil fylkeskommunen organisere anna transporttilbod.

## 5.5. Manglande kollektivtilbod

Dersom eleven bur over skyssgrensa, men manglar kollektivtilbod på heile eller delar av skulevegen, vil fylkeskommunen tilby alternativt skyssstilbod på aktuell strekning. Eleven kan anten søke om skyssgodtgjersle eller tilrettelagd skuleskyss.

## 5.6. Skyssgodtgjersle

Føresette kan søke om skyssgodtgjersle for å utføre skyss av eigne barn.

Etter avtale med den som er ansvarleg for å oppfylle eleven sin rett til skyss (kommunen eller fylkeskommunen), kan føresette ordne skyssen sjølve. I slike tilfelle skal dei nødvendige, faktiske kostnadene til føresette bli dekt. Kostnadene skal dokumenterast.

I tillegg til utgifter til drivstoff, skal skyssgodtgjersle dekke utgifter til bompengar, ferjeturar og parkering. Tapt arbeidsinntekt blir ikkje dekt. Tilleggsutgifter må dokumenterast. Ved bompasseringar legg ein til grunn at bilen er utstyrt med bombrikke som gjev rabatt ved bompassering.

Skyssgodtgjersle blir ikkje innvilga dersom eleven kan følge kollektivtilbodet.

Refusjon av innvilga skyssgodtgjersle gjeld frå dato fastsett i enkeltvedtak. Det er derfor vesentleg at det blir søkt i forkant av kvart skuleår. Avstand oppgjeven i enkeltvedtaket skal bli lagt til grunn.

Skyssgodtgjersle blir utbetalt på etterskot.

## 5.7. Tilrettelagt skuleskyss

Skuleskyss skal som hovudregel skje med det ordinære kollektivtilbodet.

Dersom det manglar kollektivtilbod på heile eller delar av strekninga mellom heim og skule, kan tilrettelagt skuleskyss vere eit alternativ. Det same gjeld for elevar som ikkje kan nytte kollektivtilbodet på grunn av funksjonshemming.

Tilrettelagt skuleskyss er å rekne som ordinær skyss i rute. Dette inneber blant anna at eleven normalt må gå til og frå næraste oppsamlingsplass eller haldeplass og forhalde seg til oppsette rutetider for transporten, slik som ved bruk av ordinært kollektivtilbod.

Fylkeskommunen praktiserer samkøyring av fleire elevar i same køyretøy, der fylkeskommunen meiner dette er mogleg. Det kan blant anna bety at skyssen ikkje går direkte mellom heim og skule, fordi den skal ta opp/sette av andre elevar undervegs. Elevar må forvente at dei må tilpasse seg kvarandre når det gjeld skyssen, og ein må rekne med ventetid. Den tilrettelagde skyssen vil falle bort dersom anna skysstilbod blir oppretta.

## 6. Eleven sin bustad

### 6.1. Folkeregistrert adresse

Kjelde: Forskrift om folkeregistrering § 5-1, opplæringsloven § 8-1

Med bustad meinast den adressa eleven er registrert med i Folkeregisteret.

Det er den folkeregistrerte adressa til eleven som avgjer kva skule som er eleven sin nærskule.

Ved flytting i løpet av skuleåret må eleven søke om skyss på nytt.

### 6.2. Innlosjering

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-1, 13-1, Udir-2-2019

Innlosjering er eit alternativ til skyss i særlege tilfelle, for eksempel dersom det ikkje er mogleg med skyss på grunn av klimatiske forhold. Regelen omfattar også funksjonshemma elevar.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg bli lagt vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, for eksempel alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss medfører ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen.

I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal ha skyss eller innlosjering.

Kommunen skal føre tilsyn med grunnskuleelevar som er innlosjerte.

Dersom elevane blir innlosjerte på ein skule utanfor kommunen, er det heimkommunen som har ansvaret for å etablere tilsyn.

### 6.3. Skuleskyss ved delt bustad

Kjelde: Udir-2-2019, barneloven kapittel 5 og 6

Elevar som har delt bustad vil vere folkeregistrert på ei adresse sjølv om dei deler tida mellom to heimar. Formålet med skyssreglane og omsynet til barna det gjeld, tilseier at det avgjerande må vere at barnet faktisk bur to stader.

For å ha rett til gratis skuleskyss, må eleven sitt opphald hos kvar av foreldra vere ei rimeleg fast, planlagd og regelmessig ordning, og ikkje improviserte enkeltbesøk.

Stadfesting og turnus for delt bustad, signert av begge foreldra, skal sendast saman med søknad om skyss.

Elevar med to heimar vil kunne ha rett til skyss til og frå begge heimane, sjølv om ein av heimane ligg i ein annan kommune eller i eit anna fylke enn skulen eleven går på. Vurdering av om eleven har rett til skyss, kva som er akseptabel reisetid og kva som er forsvarleg skyss, skal avgjerast sjølvstendig og konkret for begge heimane. Føresetnaden er at eleven oppfyller andre vilkår for skyss, for eksempel avstandskrav.

Ved praktisering av delt bustad må auka reisetid/ventetid og eventuelt transportbyte for eleven akseptast som ein konsekvens av føresette sitt val av bustad. Dette gjeld særleg dersom ein av foreldra bur utanfor nærskulekretsen til eleven og/eller i ein annan kommune/fylke.

Vurderingar knytt til forsvarleg reisetid, kan avgrense retten til skyss frå begge bustader. Der eleven har delt bustad og dagleg skyss ikkje vil vere forsvarleg, må foreldra anten ordne med skyss sjølve, revurdere busituasjonen til barnet eller innlosjere barnet.

Eleven har ikkje utan vidare rett til å ta med seg ekstra bagasje eller utstyr ved byte av bustad i samband med delt bustad.

## 6.4. Avlastingsbustad

Kjelde: Tolkinguttale frå Utdanningsdirektoratet 29.06.15, Udir-2-2019

For elevar som har fått offentleg vedtak om avlasting, blir avlastingsbustaden rekna som eleven sin heim dei dagane eller periodane eleven har fått innvilga avlastingsopphald.

## 6.5. Fosterheim

Kjelde: Opplæringsloven §§ 8-1, 13-1, 13-4, forskrift til opplæringsloven § 18-1 og Udir-2-2019

Skyss mellom varig fosterheim og skule blir dekt etter vanlege skyssreglar.

## 6.6. Mellombels bustad

Kjelde: Opplæringsloven § 13-3a, Udir-3-2009, Udir-6-2014, Udir-2-2019

I nokre situasjonar kan det hende at ein elev må bu utanfor heimen i ein periode. Det kan for eksempel vere på krisesenter, barneverninstitusjon, helseinstitusjon, korttidsinstitusjon, beredskapsheim og mellombels avlastingsbustad. Elevane vil i utgangspunktet ha rett til å fortsette på den skulen dei går på. I dei fleste situasjonar vil elevane ha rett til skyss til og frå ein mellombels

heim dersom vilkåra for skyss er oppfylt. Dette gjeld uavhengig av kva kommune den mellombelse heimen ligg i. Rett til skyss vil ikkje gjelde private ordningar som ikkje kjem av offentlege vedtak.

Der det statlege eller kommunale barnevernet har fatta vedtak om at eleven skal bu på krisesenter, barneverninstitusjon, korttidsinstitusjon, beredskapsheim og mellombels avlastningsbustad, vil det statlege eller kommunale barnevernet som har fatta vedtaket, også ha det økonomiske og praktiske ansvaret for skyssen.

Når det er fatta vedtak om at ein elev skal bu på helseinstitusjon mellombels, er det den fylkeskommunen der helseinstitusjonen ligg, som vil vere ansvarleg for opplæringa for pasientar etter opplæringsloven § 13-3a. Det inneber også ansvar for eventuell skuleskyss.

Dersom ein elev i ein periode må opphalde seg utanfor kommunen ei tid, vil det vere den kommunen som har ansvar for opplæringa, som også har ansvar for eventuell skyss.

## 6.7. Elevar busett i institusjon

Kjelde: Opplæringsloven §§ 13-2, 13-3a, Udir-10-2009, Udir-2-2019

Når det blir gjort vedtak om plassering av elevar i institusjon, er det den fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvar for å oppfylle retten til grunnskuleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og skuleskyss. Elevar som bur på institusjon, vil ha rett til å fortsette på nærskulen sin.

Dersom eleven kjem frå eit anna fylke, har fylkeskommunen der institusjonen ligg rett til refusjon av utgifter til opplæring og skuleskyss frå heimfylke til eleven.

## 6.8. Elevar som bur fleire stader i samband med næringsdrift

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-1, 13-4

Dersom familien, i samband med næringsdrift, bur fast fleire stader i løpet av skuleåret, kan eleven ha rett til skyss etter vanlege skyssreglar. Dette gjeld eksempelvis ved stølsdrift eller overnattingsbedrift med sesongdrift, som krev at familien er fast busett på staden delar av året.

Eleven har ikkje rett til skyss dersom bustaden berre har funksjon som sommar- eller fritidsbustad.

## 6.9. Elevar som bur i asylmottak

Kjelde: Opplæringsloven § 2-1, brev frå Utdanningsdirektoratet til Kollektivtrafikkforeningen  
03.01.2017

Alle barn og unge i grunnskulealder som er i Noreg har som hovudregel rett og plikt til grunnskuleopplæring. Dette gjeld også asylsøkarar.

Ein asylsøkar er ein person som har søkt om vere beskytta (søkt om asyl) i Noreg, og som ikkje har fått søknaden sin endeleg avgjort.

Retten til opplæring er uavhengig av opphaldsstatus og gjeld når det er truleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader.

Asylsøkarar i alderen 6-16 år i grunnskuleopplæringa har rett til skyss mellom asylmottak og skule etter ordinære skyssreglar, fordi mottaket blir rekna som eleven sin heim.

Fylkeskommunen er ansvarleg for skuleskyssen når eleven går på nærskulen til mottaket. Dersom kommunen tilbyr undervisning ved ein annan skule, er kommunen ansvarleg for eventuelle meirkostnader knytt til skuleskyssen.

## 6.10. Busette flyktingar

Kjelde: Opplæringsloven § 7-1, Brev frå Utdanningsdirektoratet til Kollektivtrafikkforeningen  
03.01.2017

Ein flykting er ein person som fyller krava til å vere beskytta (få asyl) i Noreg, og som er busett som ordinær innbyggjar i ein kommune.

Det tyder at flyktingar, altså personar som har fått opphaldsløyve som flykting, har same rett til opplæring og skuleskyss som andre elevar.

# 7. Eleven sin skule

## 7.1. Nærskule

Kjelde: Opplæringsloven § 8-1

Alle elevar har rett til å gå på nærskulen. Nærskulen er den skulen som ligg nærast eleven eller den skulen i nærmiljøet som eleven soknar til.

## 7.2. Skulegang ved annan skule enn nærskulen

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-1 og 8-1, Udir-3-2010, Udir-2-2019

Dei økonomiske overføringane til fylkeskommunen for å organisere skyss, er rekna ut frå at grunnskuleelevar skal få opplæringstilbodet på nærskulen.

Kommunen skal fatte vedtak om undervisningsstad på annan stad enn nærskulen. Fylkeskommunen skal fatte vedtak om skyss, men er ikkje økonomisk ansvarleg for meirkostnader til skyss i slike tilfelle.

Dersom kommunen innvilgar ein søknad om å gå på ein annan skule enn nærskulen (etter opplæringsloven § 8-1), og dette utløyser rett til skyss, vil det vere kommunen som er ansvarleg for å organisere skyssen. Kommunen vil også vere ansvarleg for meirkostnader til skyss som følge av vedtak om opplæring på annan skule eller i ein alternativ opplæringsarena. Dette gjeld uansett om opplæringa blir gjeven i heimkommunen eller i annan kommune. Fylkeskommunen vil berre vere ansvarleg for utgiftene fylkeskommunen eventuelt ville hatt dersom eleven fekk opplæring på nærskulen.

## 7.3. Alternativ opplæringsarena

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-1, 8-1, Udir-3-2010, Udir-2-2019

Ein alternativ opplæringsarena karakteriserast ved at ein eller fleire elevar mottar opplæringa si på ein annan stad enn på skulen sitt område.

Kommunen er økonomisk ansvarleg for eventuell skyss ved for eksempel:

- Opplæring på alternativ arena ein eller fleire dagar i veka utanfor skulen sitt geografiske område, for eksempel i bedrift eller på ein gard.
- Arbeidsveke/hospitering.
- Utgreiing eller opplæring ved ulike kompetansesenter.
- Aktivitetar utanfor skulen sitt område, for eksempel ekskursjonar, klasseseturar, skuleturar, leirskule og liknande.
- Skyss i skuletida, for eksempel mellom skule og bibliotek, symjeundervisning, morsmålsundervisning og liknande.
- Tilfelle der heim og skule gjer særavtaler om undervisning i heimen. Dersom undervisninga medfører skyssutgifter, er kommunen ansvarleg for desse.



## 7.4. Rehabilitering av skulebygg

Kjelde: Udir-3-2009

Ved rehabilitering av skulebygg, som medfører at alle elevane i ein periode må flytte til ein annan undervisningsstad i kommunen, gjeld ansvarsreglane for skyss på vanleg måte etter opplæringsloven § 13-4. I slike tilfelle vil skulen i nærmiljøet ikkje vere open for elevane.

Dersom det berre er nokre elevar som må flytte til anna undervisningsstad, og det medfører ekstra skysskostnader i høve til opphavleg undervisningsstad, skal kommunen dekke kostnadene.

# 8. Elevar med funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom

Kjelde: Opplæringsloven § 7-3, Udir-2-2019

Elevar kan ha rett på skyss som følge av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom. Dette er regulert i opplæringsloven § 7-3, og gjeld utan omsyn til avstanden mellom heimen og opplæringsstaden. Desse elevane vil også ha rett til skyss til og frå SFO og rett til skyss før skuledagen er over, dersom funksjonshemminga, skaden eller sjukdomen gjev behov for det. Dei vil ikkje ha rett til skyss til og frå leksehjelp eller i skuleferiar.

Ved behov for skyss ved funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom skal det leverast signert helseerklæring og eventuelt legeattest der skyssbehovet er tydeleg omtala før skyss kan bli sett i gang.

Elevar med funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom skal som hovudregel reise med kollektivtilbodet.

## 8.1. Skyss for elevar med funksjonshemming

Det er ikkje nok at eleven blir rekna som funksjonshemma for å få rett til skyss. Det som skal vurderast, er om funksjonshemminga tyder noko for eleven sin moglegheit til å ta seg fram på skulevegen.

Det er ikkje eit krav om at funksjonshemminga gjer det umogleg for eleven å gå til skulen. Spørsmålet er om funksjonshemminga representerer ein byrde ut over det vanlege på skulevegen, og at eleven på den måten burde få skyss for å oppfylle retten til grunnopplæring.

Skyssrett er ikkje knytt til om eleven får spesialundervisning, men til om funksjonshemminga gjer det nødvendig med skuleskyss.

Ei funksjonshemming/diagnose gjev ingen rett til at eit bestemt skyssmiddel skal nyttast. I spesielle tilfelle blir tilrettelagd skuleskyss organisert med privatskyss, taxi, maxitaxi eller minibuss. Tilrettelagd skuleskyss skal berre vurderast i dei tilfella der det er dokumentert at eleven ikkje kan bruke kollektivtilbodet av medisinske årsaker.

## 8.2. Skyss for elevar med mellombels skade eller sjukdom

Elev/føresett må ta kontakt med skulen ved behov for skyss på grunn av mellombels skade eller sjukdom.

Vedtak om mellombels skyss blir berre innvilga for kort periode. Dersom skulen er i tvil om eleven har rett til skyss, skal skulen kontakte fylkeskommunen.

Dersom fylkeskommunen finn at skyss er gjeve på feil grunnlag eller at det er bestilt feil type skyss, vil fylkeskommunen inndra eller endre skyssen med direkte virkning. Eit eksempel på dette kan vere at det er sett i gang skyss med taxi til elevar som kan nytte buss.

## 8.3. Krav om helseerklæring/legeattest

Skyssbehov på bakgrunn av funksjonshemming, skade eller sjukdom må dokumenterast med signert helseerklæring og eventuelt legeattest som tydeleg omtalar skyssbehovet til eleven.

Manglande eller mangelfull dokumentasjon på elevens skyssbehov vil føre til at søknad blir avslått. Det vil bli krevd ny, oppdatert, signert helseerklæring og eventuelt legeattest for kvar skyssperiode.

Fylkeskommunen har utarbeida eigen standard helseerklæring/legeattest til dette formålet, som er tilrådd at brukast. Skjemaet finn du til nedlasting på [www.vtfk.no/skoleskyss](http://www.vtfk.no/skoleskyss).

Helsepersonell/lege kan, om ønskeleg, utforme helseerklæringa/legeattesten i eige skriv, så framt det blir tatt stilling til alle dei punkta/opplysningane fylkeskommunen spør etter i si helseerklæring/legeattest.

Fylkeskommunen er ikkje bunden av tilrådingane som blir gjevne i helseerklæringa/legeattesten. Det er fylkeskommunen som skal vurdere om den medisinske tilstanden gjev rett til skyss.

## 8.4. Busstrening for funksjonshemma elevar

Kjelde: Opplæringsloven §§ 1-1, 7-3

Mange elevar med funksjonshemming kan meistre å nytte buss dersom dei får hjelp til å trene på det.

Det kan ha en stor eigenverdi for eleven å meistre å ta buss med tanke på eleven si kjensle av sjølvstende og meistring av eige liv.

Dette er i tråd med opplæringslovens formålsparagraf § 1-1 der det heiter at «*Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet*».

Forventninga om at det det blir drive aktiv busstrening aukar i takt med eleven sin alder og funksjonsnivå. Det er mogleg å kombinere busstrening med andre skyssordningar.

I tilfelle der busstrening er aktuelt, må skulen eller kommunen bli kontakta. Kommunen er ansvarleg for eventuelle utgifter til buskort.

## 8.5. Elevar i avlastingsbustad

Kjelde: Opplæringsloven § 13-4, tolkingsuttalelse frå Utdanningsdirektoratet 29.06.2015, helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2, Udir-2-2019

Rett til skyss gjeld i utgangspunktet mellom heim og skule. Funksjonshemma elevar, som har fått offentleg vedtak om avlastningsopphald/avlastingsopphald, kan i tillegg ha rett på skyss mellom skulen og avlastningsbustaden. Rett til skyss vil ikkje gjelde private ordningar (privat avlastar) som ikkje kjem av offentlege vedtak.

Når det blir søkt om skuleskyss til/frå avlasting må følgande dokumentasjon leggast ved søknaden:

- Kopi av vedtak om avlasting.
- Turnus som viser kva konkrete datoar eleven skal til/frå avlasting.

Føresette må sende endringar i turnus minimum 5 dagar før skyssen skal starte.

Eleven har ikkje utan vidare rett til å ta med ekstra bagasje eller utstyr ved byte av bustad i samband med avlasting.

Ved skyss til avlastingsbustad gjeld ordinære reglar for fordeling av skysskostnadene mellom fylkeskommune og kommune.

## 8.6. Skyss før skuledagen er over

Kjelde: Opplæringsloven § 7-3, Udir-2-2019

Elevar med funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom kan ha rett på skyss ved kortare skuledag, dersom dei som følge av funksjonshemming, skade eller sjukdom har behov for det.

Fylkeskommunen stiller et skjerpa krav til helseerklæring/legeattest i slike tilfelle.

Helseerklæringa/legeattesten må innehalde ei medisinsk grunngjeving for kvifor eleven ikkje kan ha full skuledag.

## 9. Reisefølge og tilsyn

Kjelde: Opplæringsloven §§ 7-4, 9a-3, 13-4, Udir-2-2019

Elevar har rett til nødvendig reisefølge og tilsyn.

Kommunen er ansvarleg for å skaffe, organisere og finansiere reisefølge og tilsyn for grunnskuleelevar. Kontakt kommunen ved spørsmål om reisefølge eller tilsyn.

Kommunen/skulen har ansvar for å informere fylkeskommunen dersom eleven har vedtak om reisefølge.

Enkelte elevar kan ha behov for nødvendig reisefølge for å få nytte seg av skyssen.

Fylkeskommunen krev at elevar, som kan ha behov for særskilt oppfølging på grunn av helsetilstand og adferd under transporten, skal ha med reisefølge. Sjøførar skal ikkje ha ansvar for slik oppfølging.

Elevar som har behov for hjelp til klargjering før eller etter skyss, for eksempel på- og avkledning, hjelp i trapper, oppgang eller gardsplass, må få dette av føresette, reisefølge eller tilsette ved skulen.

Rett til tilsyn gjeld i hovudsak medan eleven ventar på skuleområdet før og etter skuletid, men kan også i særlege tilfelle gjelde når eleven byter transportmiddel. Dette gjeld når byte av transportmiddel er særleg farleg eller vanskeleg.

Det må vurderast konkret om kommunen skal sørge for reisefølge/tilsyn, eller om kommunen/fylkeskommunen må sørge for annan skyssordning. Dersom skyssen og reisetida i seg

sjølv er forsvarleg, men for eksempel eleven sin alder tilseier at eit byte er særleg farleg eller vanskeleg, vil det tilseie at kommunen er ansvarleg for å stille med reisefølge eller tilsyn.

Elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø gjeld også på skulevegen og under skuleskyssen. Elevane skal sleppe å oppleve krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme. Eit tiltak for å hindre for eksempel mobbing, kan vere at kommunen må sette inn tilsyn på transportmiddelet.

## 10. Andre tema

### 10.1. Utstyr

Kjelde: Befordringsvedtektene, opplæringsloven § 13-1, vegtrafikkloven § 23

Ekstra utstyr som ski, akebrett, sykklar etc. kan i nokre tilfelle takast med etter avtale på førehand med transportør. Det krev at det er forsvarleg og at køyretøyet har kapasitet. Alt lausøyre ombord i køyretøyet skal vere sikra etter føreskriftene.

Sjåføren avgjer til ei kvar tid kva slags utstyr det er forsvarleg å ta med. Transportøren har ingen plikt til å ta med ekstra utstyr.

Ekstra kostnader blir ikkje dekt av fylkeskommunen. Dersom kommunen baserer opplæringa på at elevane har med seg utstyr heimanfrå, skal kommunen dekke ekstraavgiftene dersom ein må bruke større buss eller nytte tilhengar.

### 10.2. Skadar forårsaka av elev

Kjelde: Skadeerstatningsloven

Hovudregelen i norsk erstatningsrett er at den som har med forsett (med vilje) eller aktløyst (uforsiktig), blir erstatningsansvarleg for det ho eller han har øydelagd. Sjølv om ein er mindreårig, kan ein få erstatningsansvar.

Skadar forårsaka av elev i samband med skyssen, blir ikkje dekt av fylkeskommunen.

Dette gjeld for eksempel dersom eleven øydelegg sete, belte eller anna.

### 10.3. Inndraging av retten til skyss

Kjelde: Forvaltningsloven

Dersom elevar har fått tilbod om skyss på feil grunnlag kan fylkeskommunen gjere om vedtaket og inndra skyssretten, for eksempel ved kontrollmåling av avstand.

Det same gjeld dersom premissane for skyssen endrar seg, for eksempel ved flytting, oppretting av nytt busstilbod, m.m.

### 10.4. Streik

Kjelde: Brev frå Kirke-, Utdannings- og Forskningsdepartementet datert 11.11.1996

Fylkeskommunen organiserer ikkje alternativ skyss ved streik blant transportørar eller skulen sine tilsette.

Elev/føresett får ikkje refundert eventuelle utlegg til alternativ skyss i samband med streik.

### 10.5. Uventa hendingar

Om uventa hendingar skulle inntreffe, er det avgjerande med rask og tett dialog rundt skuleskyssen mellom fylkeskommunen, kommunen, skular og transportørar.

Dette kan for eksempel gjelde ved stengte vegar, avgrensa framkomelegheit, ras/rasfare, oversvømde vegar og så vidare, eller andre hendingar som utløyser behov for ekstra beredskap og tiltak rundt skuleskyssen.

### 10.6. Trygt og godt skulemiljø

Kjelde: Opplæringsloven § 9A-2, 9A-4, Udir-2-2010, Udir-2-2019

Det er presisert i opplæringsloven at dersom ein elev ikkje opplever at det er trygt og godt på skulevegen, har skulen ei plikt til å hjelpe eleven (aktivitetsplikt). Dette kan føre til at tiltak må settast inn.

Når det gjeld sjåførar i teneste på skuleskyss er ikkje desse omfatta av aktivitetsplikta, med mindre dei også har ei anna rolle ved skulen og denne rolla er omfatta.

## Retningslinjer for skuleskyss for grunnskulen

Ein sanksjon kan aldri gå ut på å avgrense rettane ein elev har. Det vil seie at ein elev ikkje kan miste retten til skyss på grunn av for eksempel oppførsel på skulebussen. Reisefølge kan vere eit mogleg verkemiddel.

For å sikre det *fysiske* miljøet, må skyssen bli gjennomført i samsvar med dei standardane for sikkerheit som generelt gjeld for offentleg transport (eksempelvis krav til forsvarleg sikring av lause ting).